Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 Rogalan

Tilleggsspørsmålnr. Gjæstal

Emne: Skav

Oppskr. av: Olav Madland

(adresse): Ålgård

Fylke: Eg hav våre

Herad: Gårbrúker fra 1911 til 1952

Bygdelag: Nå er eg folgeman

Gard: Madland

G.nr. 19 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Olav Madland föt 15/2 1881

SVAR

1 Nei

2 Nei

3 Skav

4 For förti femti år siden skav mest alle her i övre fjeldbygden men nå er her ingen som sjæv

5 Raün

6 Raün

7 Nei

8 Bara kü fik skav
Det var helst på eftervinteren sammen med höiet

9 Meir mjölk meir og finare smär

10 Ja

11 Hentar skavved

12 Skavved

13 Bora skavved

14 Om vinteren slitsamt og tonkt er det

15 Eg held til i Fjöset

9400

16 Eg brugar en smal ljå
med en täifille som håntag
om den ene enden
17 Når eg sjæv setter eg en
staur i golvet og op under bjelke
den staur kaller eg skavhøl
18 Eg sit på en krak og held
skavjåen i högre hand og
stör mod kneet og skavhølen
19 Hel kniven med den ene
hån og dreg kjepen fram
og attende med den andre
20 Skavved
21 Skav og skavblokke
22 Eg sjøv tunne kjepar
og store træ ov baun
23 De små kallar eg for spred
og de store for sjevling
24 Skavet skal væra tunt og fint
og en del tre med
25 Til brenne i ovn og kamfyr
26 I slutten ov Mars eller i April

Madland 12/4 – 54

Olav Madland

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9400

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Svar, vedkomande: Emne nr. 7.

Skav.

1. Nei.
2. Skav, lauv og lyng vart nytta.
3. Skava, skjev, skov, skave.
4. Det var ålment slutt kring 1900 talet. Men nokre få har skove til for 4-5 år sidan. Det var eldre folk. Eg er truleg den einaste her i kring som skjev litt no. Det var tidlegare regulert, same korleis året var.
5. Raun.
6. Raun.
7. Nei, ikkje i noko form, her.
8. Berre kyrne fekk skav. Når kyrne hadde fått höyet, kasta me berre skavet oppå.
9. Me rekna med både meir mjölk og finare smör.
10. Ja.
11. Henta skavved.
12. Skavved.
13. „Marka", ukjent her.
14. Det var vanleg straks over nyår, og det var tungt og slitsamt arbeid. Men ikkje „på fastande hjarta", o. s. b.
15. Fór i tida vanleg inne i stova.
16. Det ~~vanlege~~ einaste var ein gamal Sundljå, med ei tyfille ved „tjoet".
17. Hesjeved er aldri nytta her.
18. Omnskant og sengekant ikkje nytta her. Elles heilt som omskrive under 18 på skjemaet.

9400

Berre stauren vart kalla stavhal.

19. Dei sat på ein krakk, heldt skavljåen i högre handa og stödde ho mot kneet og skavhalen. Venstre handa drog skavveden under verktyet.

20. ~~Den minste vart kalla: spred~~, Skavved.

21. Skav. Skavblokke.

22. Begge slag. Som brenneved.

23. Dei minste vart kalla: spred. Dei store: skjevling(ar).

24. Skavet skal vera tunt og fint, og ein del av veden med. Der var skil på skavarar.

25. För nytta ein veden i bakarovnen. No i stoveovnen. (Ein laut vera ~~varsam med han i bakarovnen~~. Han var så „heiteld" at det kunne verta for heitt. Men då han var så greid å ta til, vart han nytta der likevel).

26. (Spursmål 4)?
Lenger enn litt ut i april vart der ikkje skave. Når treet sevjast vart det ringare å skava.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9400